

REFERAT

Styremøte i Silda Velforening (SiVe) 29/3-2018

På silda Grendahus

Tid: Kl.18.00

Tilstade: Tore Johansen, Unni Silden Hennøen, Paul Sundnes

Varemedl: Jarl Magne silden vart kalla inn

Sak 7/ 18 Støtte til Hattefest på Skjærbuda på langfredag.

Sekretæren fekk (før påske)spørsmål frå Mariann Sjøstad om SiVe kunne støtte eit barne-arrangement, på Skjærbuda, med premiar inntil 1000 kr. Det vart vist til at slik støtte har blitt gitt tidlegare. Sekretæren sende spørsmålet via e-post til styremedlemene.

Vedtak: SiVe kan støtte eit barnearrangement med inntil 1000 kr. (Samrøystes)

Sak 8/18 Planlegging av årsmøtet –

1. Godkjenning innkalling - Paul

2. Val av møteleiar

3. Val av referent, og to til å skrive under møteboka

4. Opplesing av vedtekt § 2. (- Paul)

Gjeldande vedtekter frå 2003 :

«Medlemsskap i foreninga kan tegnes av alle som ønsker det, også familier*

* Dersom man tegner familiemedlemsskap, er familien samlet sett regnet som et medlem med en stemme på årsmøtet.»

Dette kan føre til uklar røystegjeving. Kven av alle personar på ei adresse har røysterett? Dette er vedteke i 2003 og er gjeldande for årsmøte 2018. Vi opnar for kort diskusjon

5. Årsmeldinga for 2017 (- Tore)

6. Rekneskapan for 2017 (- Unni)

Vi bed årsmøtet å gi styret fullmakt til å skifte bank, og at formann og kasserar får Silda Velforening sin prokurasignatur.

7. Val: Styret er valnamnd, (må godkjennast).

Forslag til Styre: Leif Magne Wiik, Gerda Silden Totland, Tore Johansen, Unni Silden Hennøen, Paul Sundnes. Fleire forslag:.....
(To skal velgast for 1 år – loddtrekning??)

Varemedlemer: Jarl Magne Silden, Kari Sølvberg Silden. Fleire forslag:

Val av revisorar: Kjell Rune Gangsø og Sindre Langlo Fleire forslag:.....

8. Budsjett for 2018

a. Styret gjer framlegg om uendra medlemsavgift for 2019 , kr. 300

b. Styret har ikkje forslag til budsjett, men stiller spørsmål om vi skal invistere i sommarplanter.

9. Ekstrasaker til årsmøtet

a. Vedtektsendring. Kan først gjerast på nytt årsmøte.

Styret forslår at §2 i vedtektene vert endra: , «også familier.» vert fjerna.

Definisjon av husstand vert teke bort. «Alle medlemmer kan gi ein annen person skriftleg fullmakt til å stemme for seg på årsmøte»- står alt i §6 i vedtektene

Denne saka er til orientering men open for kort debatt, her må ein ha nytt årsmøte for vedtak.

b. Støtte til beiteprosjekt

Etter felling av grantrea skal øya nedbeitast. Forslag: Silda Velforening bør støtte slik beiting. t
Her treng ein meir opplysningar for å kunne gi tilråding. Styret meiner det er viktig først å få
avklart kva off. støttordningar som er til slik beiting, og avklare andre støtteordningar.

Open for drøfting

c. Museum på Silda

Styret er kjend med at Morten m.fl. Har starta eit slikt arbeid. Dei som er interesse i dette tek
kontakt med Morten.

d. Ruteendring i helg og høgtider

Fjord 1 har i sin «visdom» fjerna alle ruter til øyane i Sogn og Fjordane i påska.
Dette kom overraskande på dei fleste. Øyglimt har bestemt at dei på eigen kostnad har sett opp
ekstraruter på langfredag og 1.påskedag, fordi erfaringa deira tilseier at desse dagane er det
mest reiseaktivitet. Dette kan også bli eit problem i helgedagar i mai??

SiVe tek kontakt med Øyglimt og bed om tilbod på ekstrarute 2. påskedag.

e. Søppelordninga på Silda (Paul)

I siste kontakt med styremedlem E.O. Midtbø fekk vi opplyst at Renovasjonsordninga på silda
var under vurdering. Normil ville ha eit møte på Silda våren 2018. Normil meiner at kontainer-
kapasiteten skulle er stor nok til dei som som betalar avgift.

Vi må vente på initiativ frå Normil

Arealplanen for Silda – kommunen har visst teke opp att arbeidet?

Vi har ikkje ny informasjon om dette arbeidet utanom ein medlem som har tipsa om at arbeidet
er starta opp, og at SiVe må engasjere seg.

Her må styret ha hjelp